


Kyrkjebladet for VAKSDAL

80. ÅRG. / NR. 1 - 2025

GOD PÅSKE!



Edvard Bø

Side 5-7

Fredrik Hope

Side 8

Fasteaksjonen

Side 9

**HUGS
FASTEAKSJONEN
TYSDAG 8. APRIL
OG I PÅSKA!**

www.kyrkja.no/vaksdal



DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam
 Tlf 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
 E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndongo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Fredrik Hope

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
 Tlf 41 33 17 86 / E-post: fh493@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
 og Nesheim sokn
 Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Kristin Straume Normann
 Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no**Kantor Ruben S. Gjertsen**

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeistar Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

Samtale med presten?

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon

om gudstenester mmm m finn du på
kyrkja.no/vaksdal og skjerikyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sørdalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Gruvevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



**Stoff til neste nummer må vera kome
 inn til 2. juni 2025.**

Bilete på framsida: Frå Vaksdal kyrkje mot Osterøy.
 Foto: Brith Kydland

**No livnar det i lundar,
 no er det beredskaps tid...**

Eigentleg stundar det jo mot påske, men eg har no fått vårstemninga. Det kan jo hende at de kjem ei snoøye i løpet av april, men her i låglandet, nei det trur eg ikkje. Me kan no vera neste heilt sikre på at me slepp å måka meir snø.

Nesten heilt sikre er vel kanskje ikkje so gale å vera, med tanke på alt me ikkje kan vera sikre på lengre. Ein stat som begynner å mase om at me skal ha beredskapslager og for dei som ikkje fekk det med seg, nyordet i 2024 var beredskapsven (sikkert heilt tilfeldig).

Skal eg no gå rundt og spørje folk, «vil du vera beredskapsvenen min?» Kor mange slike vene ein treng, og korleis denne venskapen eigentleg skal arta seg, ser språkrådet ikkje noko om. Men denne venen bør kanskje være hakket nærrare ven enn dei fleste av facebookvenene mine. Samtidig har eg tenkt på at det er fint med ein liten og tynn beredskapsven, eller i hvert fall ein som er småspist. Så det spørst om nokon vil vera beredskapsvenen min. Men det viktigste er vel kanskje å finne ein beredskapsven med god beredskapsevne. Det vil sei ein som har lagra meir mat, vatn og brenslle en kva eg har. Eit slikt venskap bør innehalda mange ting. Tilgang til mat og vatn er berre byrjinga. Kan hende etter kvart at eit slikt venskap får så mange ting knyta til seg at ein plutsleg vert beredskapsambuarar. Eller kanksje den norske kyrkja lagar ein eien liturgi og kan erklæra folk for «rette beredskapsketeleller å være».

Men no er det som sagt påsken som nærmar seg. Eg tenker at eg hyv raudt klister ut av sekken, og den ekstra skituppen. Spade treng du ikkje ha med deg, for at no er det for seint å grave seg ner i tide (eller var det ein av dei fjellvettreglane som ikkje var gyldige lengre). Men som vanleg fyller opp med store kvanta appelsinar og sjokolade.

God påske!

Bjart-Magnus N. Rosvold, Kyrkjeverje i Vaksdal

Fellesrådsleiar:

Elisabeth Verpelstad, tlf 40 89 53 24 /
 e-post: elisabeth.verpelstad@icloud.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen:	Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf 97 79 19 43
Dale:	Eli Leiren, tlf 99 32 53 53
Eksingedalen:	Kari Brørvik, tlf 99 48 59 18
Nesheim:	Gøril Kvinge Nesheim, tlf 93 05 46 36
Stamnes:	Bjørn Stamnesfet, tlf 41 41 33 51
Vaksdal:	Tove Margrete Nordmark, tlf 99 64 23 17

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: RKGrafisk, tlf 99 21 42 00

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal



Foto: Bjørgvin bispedømmekontor

Den tomme krossen

Når kyrkjeklokken ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og liding, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og guds nærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkeste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens boddskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmane. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublende synge «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirar vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterke!

Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jordekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.
(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

Helsing biskop Ragnhild Jepsen

Min salme

Som min salme har eg vald nr. 11 i salmeboka. Eg synest det er ein fin salme. Den står under advent i salmeboka, Advent peikar på Jesus kom og ein gong skal koma att. Eg syns det er ei fin trøyst å leva i det spennet.

Jeg løfter opp til Gud min sang

Norsk Salmebok nr. 11. / T: M. B. Landstad 1861 / M: Ferdinand Vogel 1869

1 Jeg løfter opp til Gud min sang
ennu en gang fra disse jordens daler.

Vår Herre Krist han henter meg
snart hjem til seg i himlens høye saler.
Som lynet far, han kommer snar,
da skal hans pris på annet vis
de Guds basuner tale.

2 Når min forløsning stunder til,
jeg gledes vil og løfter opp mitt hode.

Da løses jeg, da går jeg inn
til vennen min, Gud være evig lovet!
Da reises av den mørke grav
det som var sådd med sukk og gråt,
da er den søvn utsovet!

3 Når fikentreet skyter blad,
jeg er så glad, da vet jeg det blir sommer.

Når himmerikes blomster gror,
for visst jeg tror Guds rike snarlig kommer!
Hans brud jeg er, hans ring jeg bær,
har lampen tent og hjertet vendt
til ham, all verdens dommer.

4 En himmel ny så vel som jord,
det er hans ord, da skapes til hans ære.

Se, Herrens bolig bland oss er,
han er oss nær, og vi hans folk skal være.
La verden så til grunne gå,
Guds ord består om alt forgår,
den bro skal bruden bære!

5 Gud skal da tørre av mitt kinn
hver tåre min. Der ingen død skal være,
ei heller sorg, ei heller skrik, ei pine slik,
som her Guds barn må bære.

Det første fort er veket bort,
og gleden ny i himlens by -
eia, hvor godt å være!

6 Da synger jeg for tronen glad
et bedre kvad og løfter palmegrene,
med hvite kleder som er todd*

i Lammets blod for Herrens øyne rene.
Halleluja! Hva glede da!
Hva liflig klang! Og all min sang
er Herren, Herren ene!

*Eg vil til neste nummer av kyrkjebladet utfordra Oddveig Straume
til å skriva om sin salme.*

Med venleg helsing Ragnvald Kringlebotten



**GJE VATN TIL DEI
SOM TRENG DET MEST**

Nesten 800 millionar menneske lever framleis
utan tilgang til reint vatn i verda i dag, på
grunn av tørke, flaum, jordskjelv eller krig.

Støtt Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og gje
vatn til dei som treng det mest!

VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP

actalliance

- No er det fri og lange dagar heile vegen

Midt i januar i år held sokneprest Edvard Bø (67) avskils-gudstenesta si i kyrkja på Vaksdal, og leverte stafettpinnen over til Fredrik Hope.



<<<



AVSKILSGUDSTENESTE: Prosesjon på veg inn i kyrkja.

Foto: Brith Kydland

Det kunne verta lange dagar, mykje kveldsarbeid og å køyra heim på stengde vegar og omkjøring ved Romslo. Godt å sleppa no, seier Edvard. Sidan den tid har det vore heilt andre dagar for Edvard, og ei nokså stor omstilling for den joviale bergensaren med bustad på Natland.

- Ja, her likar me oss begge to, me kjøpte leilegheita der i 2011, og leigde den ut nokre år før me flytta dit sjølve. Og me har no litt å gjera på sjølv om prestegjerninga formelt er over, smiler Edvard – og gløtar på sedvanleg vis blidt over brilleglasa. Kona hans driv som teknisk teiknar, og er i arbeid framleis.

Dans

Han «tek i mot» på Hotell Norge, og me får det me skal ha i koppen og på tallerkenen, og han fortel at han har vore her før, mange gonger.

- Eg gjekk då på Hildemors danseskole i unge år, og var på

ball i speilsalen her oppe, seier han og nikkar litt oppover den store trappa bak oss.

Han likar å dansa å røra på seg, det har han alltid gjort – sjølv om ein fot ikkje er like enkel å ha med å gjera no for tida. Men han kjem seg då fram på eigen kjøl, seier han. Og legg til at i godværspersonen nyleg, så var han og kona på hytta på Grimmen nokre dagar. Ei fin oppleveling, straum er innlagt, men ikkje vatn, men det ordna seg det også.

Avisteiknar

Me sit ved eit bord midt i «bydn», og Bergens Tidende-skiltet lyser over gata i nærlieiken. Og det kan gjerne vera stikkordet til duoen «Alham og Bø» – tekst av førstnemnde og avisteikningar av den siste, som stod i helgeavisa. Rett nok er det ein god del år sidan.

- Ja, Bø var far min det, smiler Edvard, og eg trur faktisk at eg fekk ei god ballast av det han

held på med. Han var forresten stortingsstenograf også, og kunne stenografera portretta som Alham laga. Det gav meg eit innblikk i tekstkomposisjon. Viktig å ta med seg det også, når eg sjølv skulle laga tekstar som minneord. Dei skulle portrettera eit heilt liv, seier han.

Fekk tidleg kall

Edvard fekk forresten kall til å verta prest alt i 12-årsalderen, og bestemte seg for at det skulle verta livsgjerninga si. Sjølv om han først hadde bestemt for å ikkje verta det, sidan ein fetter av han vart det.

- Men eg ombestemte meg, og tenkte som så at om Vår Herre vil at ikkje skal verta prest, ja, i så fall vert eg ikkje det. Men eg vart ikkje hindra, seier han. Og ser tankefullt ut i lufta på folk som hastar forbi, og ein nyoppussa Sundt-butikk på andre sida av gata – berre den for tida inngjerda Ole Bull-statuen hindrar litt utsikta.



BIL: Edvard har køyrt mange mil i bil i løpet av tida som prest.

Foto: Jan-Egil Dyvik

Anar og bil

Edvard har anar frå så mange stader, Nesheim i Eksingedalen, Bu i Hardanger og Bø i Vesterålen, der etternamnet hans kjem frå.

Han kom til Vaksdal frå prestegjerning på Eidsvoll, han har vore feltprest i Kirkenes, ved garnisonen i Sør Varanger, han har vore på Sotra, i Aust-Finnmark og i Vaksdal i rundt 24 år.

- Det vart to tredjedelar av prestegjerninga mi i Vaksdal,



MANGE HELSINGAR: Etter avskils-gudstenesta var det fest for Edvard i Vaksdal bedehus, og der han fekk mange helsingar. Her frå kyrkjeverje Bjart-Magnus N. Rosvold og Marion Gjermo Jakobsen frå Dale sokneråd. På biletet til høgre Edvard og kona Kari.

Foto: Brit Kydland

altså, konstaterer han. Og sjølv om han hadde spesielt ansvar for Vaksdal og Stamnes, ja, så vart det mange kilometer fram og tilbake til dei andre fem kyrkjene også.

- Med bil?

- Ja, då – ulike typar – ein Mercedes, og så Jaguarar då. Ikke alle svarte, den siste er grå – og det er ein god bil. Litt dyr, seier han litt lågare. Sjølvsgart har han fleire opplevingar å fortelja om i så måte, på glatta om vinteren opp til Storefossen, eller til indre strøk av kommunen i grøfta og venta på hjelp. Men det har alltid ordna seg.

Songen

Edvard syng, det har han alltid gjort, og saman med kona Kari er han framleis med i songkoret «Kilden», og reiser til Vaksdal fredagane på øving. - I alle fall inn til vidare, seier han. Han les mykje, likar godt å setja seg inn i ulike sider av samfunnslivet og historia på den måten. Tolkien og bøkene i serien om Ringenes Herre, har han lest mange, mange gonger. I avskilsgudstenesta på Vaksdal i januar, snakka han faktisk også om ei av Harry Potter-bøkene. Og inni mellom er han på frivillig basis, latinlærar for studenter på NLA Høgskolen, ikkje tilsett altså, poengterer han.

Sorg og glede

Edvard har fått følgd folket i Vaksdal i sorg og glede, og kanskje noko av det tyngste han har vore med på er gravferder med unge folk.

- Det kan nok koma ei tåre hjå meg også då, sjølv om eg

skal vera profesjonell og vera ein slags seremoniemeister, så er eg ikkje upåverka. Eg har sjølvsgart kjensler, eg også, seier han alvorleg. Sorg og glede og balansen mellom dei to ytterpunktene er vel sjølve livet?

Tøffe tider

Edvard og kona hører no heime i nye Sældalen kyrkje, fortel han – og her er dei med i mange samanhengar. Senior-samlingar likar han godt.

- Og så må eg då følgja med i tida. Det er tøffe tider, til dømes med Putin og Trump på kvar sitt kontinent. Kva er sanning, og kva er ikkje sant? Det er vel aktuelle spørsmål, seier han alvorleg. Han har alltid likt å vera oppdatert. Det er ein del av det å vera prest, og det er greit å vera orientert når ein skal møta

kyrkjelyden sundag foremidag i kyrkja.

- Interessa for samfunnet, for små og store og alt det som rører seg, det er ein del av prestegjerninga, med eller utan kjole, seier han bestemt. Og legg til at han gjekk på samfunnsfaglinja på gymnaset.

Vår

Våren kjem snart til Edvard sin by også, grøne tulipanblad er alt komne opp av jorda, og snart pyntar blomane opp kring om på Paviljongen ved Festplassen. Det er ein naturleg del av det fargerike livet det også, når livet vaknar og viser seg i ulike sjatteringar.

Edvard set lua på plass, tek frakken tettare kring seg i den småsure værvinden, og set kursen mot busstoppen og buss 16E



NORGE: Edvard over eit godt måltid på Norge i samband med avskilsintervjuet.

Foto: Jan-Egil Dyvik

- ikkje E framfor talet, er me smilande samde om. Før han blandar seg med den travle folkestraumen langs Lunegårdsvannet - på veg heim.

Tekst: Jan-Egil Dyvik



BERGEN: Edvard på Festplassen ved Paviljonegen på veg heim. **Kyrkjelydane i Vaksdal takkar deg for innsatsen, Edvard!**

Foto: Jan-Egil Dyvik



SONG: Stamnes barnekor song i gudstenesta - og her syng dei direkte til Fredrik!

Foto: Brith Kydland



SONG: Fredrik ved altaret.

Foto: Tove Margrete Nordmark

Fredrik er på plass

Fredrik Hope er - som dei fleste kan hende alt har fått med seg - namnet på den nye presten i Vaksdal.



Han er 33 år, bur i Arna og har kone og to born i skulealder. Fredrik si formelle tittel er sokneprest i Stamnes og Vaksdal sokn. Han har eit særskild ansvar i dei to sokna, og har fast sete i begge sokneråda. Som prest skal han likevel gjere teneste i heile Vaksdal og til ein viss grad i nabosoknet på Vossasida; Evanger og Bolstad sokn.

Fram til jul var Fredrik student, men hadde og ei deltidsstilling som prestevikar i Fyllingsdalen. Men prest «på ordentleg» vart han fyrst den 26. januar i år. Då var det ei høgtideleg vigslings-gudsteneste i Stamnes

kyrkje, og det var så langt ein veit den første prestevigslingen som har vore i den kyrkja. Etter gudstenesta var det fest i eit fullstappa Stamnes bedehus.

PRESTEVIGSLING: Fleire prestar var med i gudstenesta. Til venstre for Fredrik står biskop Ragnhild Jebsen, og til høgre står Bergens-presten Atle Moe. Bak frå venstre: Prost Arild Hellesøy, nyleg pensjonert Vaksdal-prest Edvard Bø og Frode Kvamsøe.

Foto: Brith Kydland





INNTEKT: – Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel Winnie Milambo, her med dottera Tendai Mwela (åtte månader).

Fasteaksjonen gjev grønt håp midt i tørken

Takk vere faste-aksjonen til Kirkens Nødhjelp, der mange millionar kroner blir samla inn i kyrkje-lydane i Noreg kvart år, kan Kirkens Nødhjelp bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit levebrød.

Avlingar har kollapsa over heile Zambia i den verste tørken på 20 år. Men det finst unntak: I eit av dei verst råka områda har dei greidd å dyrke mat gjennom heile tørka.

«Kom og sjå», syng Catherine Mweemba (63) høgt medan ho dansar på åkeren, midt blant ei gruppe kvinner som står bøygð over jorda og hakkar. Ansiktet til Catherine sprekk opp i eit stort smile.

Dei andre kvinnene syng tilbake: «Kom og sjå kva vi dyrkar

her! Kom og sjå at vi plantar, kom og sjå at vi vatnar, kom og sjå kva vi haustar!».

Catherine Mweemba kjem hit tre gongar i veka for å dyrke grønsaker.

I denne grønsakhagen blir det dyrka mais, tomatar, kål og belgfrukta okra. Vi er i distriktet Gwembe, sør i Zambia. Rett utanfor den irgrøne oasen er bakken brun og knusktørr. Dei fleste tre og plantar er tørka inn. Elveleie og bekkar er utan vatn. Det har vore tørke i heile 2024 i store delar av det sørlege Afrika. Zambia er eit av dei hardast råka landa. Regntida i slutten av 2023 varte berre i tre veker, medan det normalt kan regne i fleire månader.

Grønt under tørka

– Mange har ikkje hausta noko i det heile i løpet av det siste året, fordi det ikkje har regna. Så det er mykje svolt i dette distriktet, fortel Caroline Mwewa frå ADRA, ein partnarorganisasjon som Kirkens Nødhjelp samarbeider med her.

Men kvinnene vi møter her, har klart å dyrke mat medan andre avlingar har kollapsa.

– Her viser vi måtar å dyrke på som er berekraftige og som faktisk verkar, sjølv i situasjonar som tørke, fortel Mwewa.

Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnarorganisasjonen vår har sørgd for vatn. Ei solcelle-driven vasspumpe pumpar vatn frå eit borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet ført ut gjennom slangar med små hol, så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er. Denne metoden krev ikkje så mykje vatn.

– Som regel har folk berre venta på regntida, og så venta til neste regntid året etter med å så. Men ein kan dyrke heile året, så lenge ein har tilgang til vatn. Det gjer mange no, utan å vere avhengig av regnet, seier ho.

Dei som er med, kan også selje grønsaker, og dei deler inntektene. Ein vasstasjon er også sett opp, slik at folk kan hente vatn til eige forbruk der. Mange har også byrja med dryppirrigasjon i sine eigne grønsakhagar heime.



FAKTA:

Tørken i det sørlege Afrika

- Langvarig tørke i det sørlege Afrika har forårsaka den verste svoltkrisa i regionen på fleire tiår, ifølgje FN:s matvareprogram (WFP).
- I Zambia er 12,2 millionar menneske råka av tørke.
- Kirkens Nødhjelp og partnarane våre driv fleire prosjekt med klimasmart landbruk i Zambia.
- I desse prosjekta har innbyggjarane fått auka tilgang på vatn. Dei lærer å dyrke på ein måte som krev lite vatn, og som gjer at dei kan dyrke heile året, også gjennom tørke. Det gir dei mat og inntekter.

Har fått inntekt

Winnie Milambo har dottera på åtte månader i eit sjal på ryggen medan ho haustar mais. Winnie er gift og har seks barn. To gongar i veka kjem ho hit. Ho har også ein grønsakhage heime, der ho har planta mais.

– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel ho.

For inntektene har ho kjøpt to geiter.


– Når eg får endå fleire geiter, kan eg selje nokre og tene meir pengar. Pengane eg tener går også til skolepengar for barna mine, og til å kjøpe mat. Det har betydd ei stor endring for meg.

**Tekst: Åsne Gullikstad
Foto: Håvard Bjelland**

I Dale og Vaksdal sokn kjem bøssebærarane 8. april.

I Stamnes sokn vert det ein digital aksjon.

I resten av sokna vert det takkoffer i gudstenestene i påska.



på Vegen

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Vegen i Vaksdal på Facebook!

Lys Vaken i Nesheim og Dale kyrkjer

To helger i slutten av januar var det Lys Vaken, i både Nesheim og Dale kyrkje. På Nesheim var heile barneskulen invitert, og me overnatta heime hjå familien til nokre av borna på Nesheim, medan på Dale var det årets elleveåringar som vart inviterte, og desse overnatta i Dale kyrkje. Begge gruppene var gjennom ulike aktivitetar, og førebuing til gudstenesta. Sundag morgen starta dei på Dale med frukost i kyrkja, og under gudstenesta begge stader var dei fleste borna involvert på ulikt vis. Dei verka til og med lys vakne, trass sikkert litt mindre sovn enn vanleg! På Nesheim var det nyepresten Fredrik som hadde debut med si fyrste gudsteneste i kommunen, og borna frå Lys Vaken var med og dramatiserte forteljinga om Moses og den brennande buska. På gudstenesta på Dale fekk også årets elleveåringar frå Dale sokn utdelt Nytestamentet.

ORD-REBUS: Borna løyste vanskelege ord-rebusar (innfelt bilete).

LYS VAKEN EKSINGEDELEN: Fredrik leia si fyrste gudsteneste i Vaksdal framføre den brennande buska som borna hadde laga, med flammor i mange vakre fargar.



Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje

Fyrste helga i februar kom ein fin gjeng av årets åtteåringar til Vaksdal kyrkje for å bli tårnagentar. Fyrst måtte alle seia eit passord, for å koma fram til der dei fekk agentkortet sitt – med eige fingeravtrykk sjølvsagt! Med agentkort rundt halsen og ein eigen agentbevegelse på plass, fekk agentane ulike oppdrag dei skulle løysa, og dei var både øvst i tånet, på orgellet der organist Ruben spelte til dei, og dei fekk prøvespela sjølv òg, og på symboljakt rundt i kyrkjerommet. Flaggermussuppa gjekk ned på høgkant, og sundagen song dei kjekke agentane tårnagentsongen av full hals!

TÅRNAGENT-HELG: Tårnagentane fekk til og med utforska korleis det er å stå på prekestolen.



Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I vår er det som i haust baby – og småbornssong vekselvis på Dale og Vaksdal på onsdagar. Det har vore ein fin gjeng med små og store som har sunge og leika saman, og praten går fort og lett etter sjølve songstunda. Etter kvart har det vore mange med, rekorden til no er ni fine babyar på same samling! Veldig kjekt at dette kan vera ein møteplass for småbornsforeldre.



Knøttesong på Dale, Vaksdal og Stamnes

I vår har me òg hatt knøttesong for born 1-5 år på Dale og Vaksdal onsdagar. Det varierer kor mange som kjem, og det er alltid liv og leik og god song uansett kor mange me er. Det er tydeleg at mange har vore innom fleire gongar, og blitt trygge på songane me syng saman. Kjekt! Nytt i vår er at me òg prøver oss på Knøttesong i Allaktivitetshuset på Stamnes, nokre laurdagar. Fyrste gongen var 22. mars, og ein koseleg gjeng kom og song med oss, frå fleire stadar i kommunen. Etterpå stilte «huset» med kafé der alle var velkomne, og me kunne òg leika på det kjekke uteområdet rundt huset. Me gler oss til neste gong!



KNØTTESONG: Knøttesong på Stamnes ein laurdag i mars var kjekt! På biletet til høgre ser me himmel og hav og sol og glede i Stamnes allaktivitetshus.

Etter skuletid på Vaksdal

Etter skuletid er for born i 5.-7. klasse, der dei får tilbod om ein stad å vera etter skulen onsdagar, i

vår har tilbodet vore berre på Vaksdal, sidan det kræsjar med andre ting når Kristin er på Dale.

Borna har fått pølser og saft, og kunna spelt spel, teikna eller gjort ulike aktivitetar, alt etter kva

dei har villa sjølve. Av og til avsluttar me med såpebobler eller lystenning.

Generasjonssong på Vaksdal og Dale

Me har gjennomført nokre rundar med generasjonssong på Jamnetunet på Vaksdal og Daletunet på Dale. Me kjem med teppe, leikar og såpebobler, og syng oss gjennom vande og tradisjonelle barnesongar, saman med dei eldre på heimane. Det har vore

kjekt og gjevande, og fine møte mellom dei yngste og dei eldste i bygdene! Dette er eit samarbeid med Maren i Frivillighetssentralen i Vaksdal, og me får mykje godt å bita i etterpå. Ofte er Gro Karin Fosse med og speler vakert piano til samlingane.





Stamnes barnekor

Stamnes barnekor avslutta sesongen sin for denne gong med å syngja på basar i Stamnes bedehus 20. februar. Før det hadde me hatt øvingar kvar torsdag, og sunge på fleire tilstelningar, både på gudstenester og andre ting. Nokre av kormedlemene reiste i januar på Barnekorfestival i Ytrebygda kyrkje i Fana. Det var ei stor oppleving å syngja i kor saman med



STAMNES BARNEKOR: For eit stort barnekor!

nesten 100 andre born og ungdommar! Og på festivalen var det òg mykje leir og moro, og me blei litt kjend med biskop Ragnhild, som me òg traff dagen etterpå, då me song på gudstenesta då Fredrik Hope blei vigsla til prest hjå oss. Borna syng berre finare og fina-

re, og me gler oss allereie til sesongen startar att til hausten!

BARNEKORFESTIVAL:

På barnekorfestivalen kunne alle som ville skriva helsingar på veggen, Olivia og Mia frå Stamnes barnekor hadde lyst til det!



KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

13. april

7 år



Borna sin påskedag på Vaksdal og i Eksingedalen

Sundag 13. april planlegg me gudsteneste med Borna sin påskedag i Eksingedalen kyrkje (kl 11.00) og Vaksdal kyrkje (kl 16.00), der årets sjuåringar vert spesielt inviterte, og alle andre sjølvsgåt også er velkomne. Gjennom ulike postar vert ein ført på ganske konkret vis gjennom sentrale dagar i påska. Etterpå er det påskeeggjakt og hobbyaktivitet for dei som vil!

29. mai

5 år



Gudsteneste på Skipshelleren

På Kristi Himmelfartsdag pleier det vera gudsteneste i fjordkanten ved Skipshelleren på Straume. Til denne gudstenesta vert årets femåringar spesielt inviterte til å vera med saman med familien sin, og det er sjølvsgåt ope for alle som vil vera med. Det vert først ei enkel utegudsteneste som er ekstra tilpassa borna. Om det er stygt vær er det ingen problem, for då har me gudstenesta under helleren der me sit tørt. Etterpå er det grilling av pølser, og leikar for både små og store. Dette pleier å vera ein kjekk dag for dei som tek turen, så me håpar fleire nyttar høvet i år!

SUPERONSDAG

I Dale bedehus: 9. april, 23. april, 7. mai, 21. mai

I Vaksdal kyrkje: 30. april, 14. mai

11.30-13.30: **Baby- og småbornssong** (0-2 år)

Sanserike samlingar for dei yngste borna. Sjølve songstunda er ca kl. 12.

Lunsjtreff før og etter. Kom/gå som det passar!

Ta gjerne med niste, me har drikke og frukt.

14.00-15.00: **Etter skuletid** (5.-7. trinn) på Vaksdal

Ein trygg stad å vera saman etter skulen. Me gjer litt ulike ting kvar gong, som spel, aktivitetar, lekser, hobby, song, teikning og forteljing.

Varmt måltid (pølser) til alle!

17.00-18.00: **Knøttesong** (1-5 år)

Opplevingsrike samlingar med leik og song for borna i aldersgruppa.

Mat, prat og frileik etterpå.

Ta gjerne med niste, me har frukt og kaffi/te/vatn.



Baby- og småbornssong i Stamnes bedehus

Me har òg sanserike songsamlingar for born 0-5 år i

Stamnes allaktivitetshus to laurdagar i halvåret. Songstunda er fyrst, og etterpå er det kafé for dei som vil! Dato: 24. mai. Tid: Kl 12.00-13.00

Generasjonssong på sjukeheimane

Ein tysdag i månaden syng me saman med dei eldste i kommunen.

Dette er mykje likt babysong, og passar for born 0-2 år. Tid: Kl 11.00-12.00.

Daletunet: 29. april, 17. juni ▪ Jamnetunet: 27. mai

VELKOMEN INN ❤

Arr: Kyrkjene i Vaksdal. Kristin S. Normann leier samlingane. Sjå gjerne facebooksida «Vegen i Vaksdal» for arrangement, eller bli med i facebookgruppa «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for å påminningar og oppdateringar underveis ☺ Alt er gratis!



KATEDRALEN I TULEAR: Klokkene er i tårnet til venstre.

Foto: Rolf Erik Veka



KLOKKENE: Bilete viser tre klokker. Kven av desse som kom frå Dale, kunne ingen svara på. Men ein av dei er det.

Foto: Leonard

Kyrkjeklokken i gamlekyrkja på Dale

Kva skjedde med klokkene?

I byen Tulear på Madagaskar vart det 21. juni 1959 kalla til innviingsgudsteneste av den nye katedralen. I tårnet klang det frå klokken frå gamal kyrkja på Dale. Den norske misjonæren, Alfred Andersen, som alt i 1934 hadde lagt ned grunnstein for ei ny kyrkje stod for innviinga. Korleis den lange reisa for klokkene frå kyrkja Dale til Madagaskar vart organisert, finn ein ikkje.

I Kyrkjeblad for Bruvik nr. 6 i 1962 er det ei helsing frå misjonær Annlaug Sandal som fortel om sit fyrste møte med kyrkja i Tulear. «*Søndagsmorgen i Tulear. Frå dei høge tårna til den vakre kyrkja lyder malmtunge slag. Det er kyrkjeklokken frå Dale som kalla til gudsteneste.*»

I 1996 var eg førespurd om å vera med på redigering og ferdigstilling av jubileumsboka «Kyrkjestaden Dale 100 år, 1896 – 1996». Reidun Marie Takvam skriv her ein artikkel «Kvar vart det av den gamle kyrkja?». Den og barndomsminne om misjonærar på Madagaskar, frå tid

på søndagsskulen og barneskulen, har alltid fasinet meg. Ei reise til Madagaskar, sjå landet, høyrta klokkene kom i stand hausten 2024.

Me hadde fått kontakt med Laila Sivertsen før turen starta. Ho er den einaste norske att i Tulear, og driv aktivt hjelpearbeid for born, studentar og andre trengande.

Avtalen med Laila var å møtast i Røstvighuset. Røstvikhuset er oppkalla etter Lars Jakobsen Røstvik som kom som misjonær til øya i 1874. Då hadde han med seg huset, som vart bygd i Norge, demontert og sigla til Tulear.

Utanfor huset fekk me ein flott velkomst. Med song og musikk vart me ynskt velkommen. Ei enkel morgen gudsteneste før me vart invitert til «bibelsk fotvask».

Laila hadde vore på Madagaskar sidan 1964, og fortalte mykje om si tid og korleis forholda var i landet. Interessant. Det var framleis ein del overtru på øya, spesielt blant dei eldre. Barn som var fødde på feil vekedag, vart lagt i skogen for å døy. Etter deira tru ville då mora få leva. Laila hadde fire fosterborn, alle



LAILA: Laila i sin faste stol i katedralen.

Foto: Rolf Erik Veka

var fødd på feil dag. Dei var no vaksne, hadde fått skulegang i Norge og var vel etablert, i Norge og på Madagaskar.

Fekk omvising i kyrkja, helst på dei 4 prestane som til høyrde katedralen, fekk også helsa på sjølvaste biskopen i byen. Tanken var å ta biletet av klokkene, men det var ikkje mogleg. Frå platå ved galleriet og opp var det 10-12 m, ingen trapp, eller stige. Men me vart lova at noko skulle klatra opp, slik at me kunne få våre biletet. Ein lovnad

som dei held.

Før me tok farvel fekk me tradisjonell gassisk middag. Det var eit minnerikt besøk hjå gjestfrie menneske.

Madagaskar er blant dei fattigaste land i verda, og inntrykka var mange. Til tross for fattigdom var folket smilande og blide. Dei var også svært kreative, gjenbruk av det meste. Noko me burde ta lærdom av.

Tekst: Rolf Erik Veka

Flaum i Bergsdalen kyrkje

Seint om kvelden søndag 15. desember vart det oppdaga at det hadde trengt vatn inn i Bergsdalen kyrkje.



SKADE: Golvet i kyrkjekjellaren måtte rivast opp.

Heile kjellaren – med kyrkjelydssal og kjøkken - hadde blitt overfløymd. Vatnet har stått meir en 10 cm opp på veggene enkelte stader.

Det er no sett i gang eit større arbeid med mellom anna å rive opp golv og fjerne øydelagt materiale, sjekke og reparere røyra i grunnen samt sikre at slik inntrenging av vatn ikkje skjer fleire gonger.

Ei utfordring har vore at grunnvatnet no står høgare enn før, noko som vart synleg ved at det kom meir vatn i kjellaren då det var nokre kraftige regnversdagar i mars.

Forsikringsselskap er involvert saman med ulike typar fagpersonell, og det har i tillegg vore ein betydeleg innsats frå tilsette, sokneråd og frivillige i Bergsdalen for å bøte på skadane.

Rampe til Dale kyrkje



OPNING: Soknerådsleiar Eli Leiren sto for opninga av rampen ved å klykke snora.

Dale kyrkje har endeleg fått rampe opp til inngangsdøra, slik at dei som ynskjer det kan sleppe å gå i trappene. Rampen står på sida som vender mot barnehagen, og kan nåast frå både austsida og vestsida av kyrkja.



SPØTEKAFFÉ PÅ STAMNES

Velkomne til spøtekafé i sakristiet i Stamnes kyrkje!

Dette er eit sosialt lågterskeltilbod for alle typar folk i alle aldrar. Me har kaffi, te og noko lite å bita i. Du treng faktisk ikkje kunna hekla eller strikka, målet vårt er å treffast og ha ei gild stund ilag. Ta gjerne med deg ein ven eller nabo. Me gler oss til å sjå deg!

Me har samling annan kvar onsdag kl. 17.00 – 19.00.

Dette er eit svært populært og kjekk samling som samlar folk i alle aldrar.

datoane finn du på plakatar i bygda og på nettsidene kyrkja.no/vaksdal og skjerikyrkja.no.

KYRKJEGARDSDAGAR

EIDSLAND: Tysdag 29. april kl. 16.00 - 18.00

STAMNES: Tysdag 6. mai kl. 16.00 - 18.00

FLATEKVAL: Tysdag 20. mai kl. 17.00 - 18.30

NESHEIM: Tysdag 27. mai kl. 15.30 - 17.00

Desse fire stadane vert det sal av blomar v/Astrids gartneri i Modalen

BERGSDALEN: Vil bli kunngjort seinare



Dale mannskor, saman med presten, i kyrka La Sagrada Familia i Barcelona i fjor haust. Foto: Torhild Roe

KONSERT MED DALE MANNSKOR

Dale Mannskor har sunge i mange kyrker og katedralar i Europa gjennom åra.

Koret har òg sunge i Eksingedalen kyrkje for mange år sidan – og denne våre kjem dei attende.

Så: Ver velkommen til konserten i

EKSINGEDELEN KYRKJE LAURDAG 10. MAI KL. 14.00

Møteplass for låge skuldrar

Ein god prat over ein kopp kaffi eller te – det er tilbodet i konfirmandtrommet i Vaksdal kyrkje kvar måndag frå kl. 12.00 til ca. 13.30.

Her er det god plass og alltid noko godt å bita i. Programmet syter vi for sjølve og praten går lett.

For den som ønsker det, er det høve til å dela ei god historie eller ein fin tekst. Og somme gonger har vi besök av nokon som kan dela noko om eit interessant tema.

Dette er eit stikk-innom-tilbod som er ope for alle som har lyst til eit sosialt fellesskap ein måndags foremiddag. Dei fleste som kjem, bur på Vaksdal, men vi ønsker velkommen frå fjern og nærliggende områder.

Frå Bjørnafjorden har vi fått denne helsinga:
«Ca. en gang i måneden i snart

to år har vi vært så heldige at vi har fått komme på kirkekaffe i Vaksdal kirke. Øvereide gård har et aktivitetstilbud for demente i Bjørnafjorden. Vi setter stor pris på gjestfriheten til kirken og våre brukere gleder seg hver gang de får komme på besök. Der får de kaffe, noe å bite i, pluss den gode praten og litt allsang. Vi har fått godt



vennaskap, og håper vi kan fortsette flere år. Tusen takk!»

For Vaksdal sokneråd,
Tove Margrete Nordmark



EIDSLAND KAPELL 100 ÅR!

I år er det 100 år sidan Eidsland kapell vart vigsla.
29. april 1925 var vigslingsdatoen.

Jubileet vert feira med

Festgudsteneste laurdag 31. mai kl 12.00

Der vert mellom anna tidlegare prestar og organistar med, og gudstenesta er open for alle som vil koma.

Etter gudstenesta vert det

Jubileumsfest

i Eidsland Grendahus.

Festen og er open for alle som vil koma.

Jubileumsbok

Det vert arbeidd med ei jubileumsbok, og ho vert ferdig i haust.

Stamnes sokn byter namn!

Nytt namn vert STAMNES OG EIDSLAND SOKN
Bjørgvin bispedømeråd har godkjent
søknaden om endring av namnet.

Den offisielle datoene for endringa vil bli kunngjort seinare.

Soknerådssamling



SAMLING: I mars var det fellessamling for sokneråda.

Den norske kyrkja i Vaksdal er delt inn i seks sokn, og kvart sokn har sitt sokneråd.

Siste tysdagen i mars hadde sokneråda ei fellessamling på Dale, der om lag tretti soknerådsmedlemmar var samla saman med staben ved kyrjekontoret. Sokneråda starta med samling kva for seg, der dei tilsette gjekk rundt til alle sokneråda for å høre kva dei hadde på hjarte. Etterpå var

sokneråda samtalde der ulike tema var framme og sokneråda kunne mellom anna dele si røynsle på ulike felt og spørje etter andre sokneråd si røynsle på andre felt.

Blant tema som var framme var gudstenestene våre, korleis me kunne gjere arbeidet i sokna betre kjent og spørsmålet om og korleis sokneråda kunne arbeide tettare saman.

Basaren i Stamnes bedehus

20. februar hadde soknerådet basar i samarbeid med barnekoret, og det kom inn ca kr 41.500. Soknerådet takkar alle som har gjeve gevinstar, kjøpt lodd og elles støtta opp om basaren!





SAMSPEL: Antje i samspel med kantor Ruben Gjertsen.

Avskil med Antje

Ikkje nett like omfattande som då det var avskil med Edvard Bø, men: Gudstenesta 16. februar var den siste Antje Michelau var med på i Eidsland kapell før ho flytta frå bygda og til Vats i Vindafjord kommune.

Antje har budd på Eidsland sidan 2008, og har i mange år vore med i gudstenestene mellom anna som musikar, tekstlesar og med-liturg, og vil bli sakna.

Takk for innsatsen! Antje har elles vore lærar på Mo skule og

vore trusopplærar i Modalen. I Mo kyrkje tek dei avskil med henne i gudstenesta Palme-søndag.



BLOMAR: Anne Margrete Eikefet frå soknerådet takka Antje med fine ord og blomar.

ORGELKONSERTAR og ORGELRESITASJONAR v/kantor Ruben Gjertsen

Langfredag, 18. april, kl. 10.30 i Vaksdal kyrkje:

Orgelresitasjon. Musikk av J. S. Bach.

Langfredag, 18. april, kl. 17.30 i Stamnes kyrkje:

Orgelresitasjon. Musikk av J. S. Bach.

Laurdag 3. mai kl. 16.00 i Eksingedalen kyrkje:

Orgelkonsert. Musikk av Felix Mendelssohn.

Laurdag 10. mai kl. 16.00 i Dale kyrkje:

Orgelkonsert. Musikk av Felix Mendelssohn.

Pinsedag, 8. juni, kl. 10.30 i Vaksdal kyrkje:

Orgelresitasjon. Pinsemusikk.



DET SKJER I BEDEHUSA VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling 27. april og 25. mai

Søndagsskule i kjellaren kl 11.30 dei same søndagane.

Føremiddagstreff torsdag kl 11.30 med andakt, song og musikk, matpause m.m.

24. april kl 11.30 ved Reidun Skurtveit.
Kollekt til Nordhordland Indremisjon.

Basar torsdag 1. mai kl. 16.00

Bønesamling kvar måndag kl 19.00

Bibelgruppe annan kvar torsdag
(i oddetalsvekene) kl 19.30

Vaksdal indremisjon er på Facebook!

DALE BEDEHUS

Møte onsdag 23. april kl 19.00 ved Lys Over Land.
Talar: Per Augestad.

Møte onsdag 7. mai kl 19.00 ved Asle Hetlebakke.

17. maifest laurdag 17. mai kl. 17.00.

Tale av Frode Kvamsøe. Variert program. Servering.

Møte onsdag 4. juni kl. 19.00 ved Christian Skoge.



Måndagskaffi
i

konfirmantrommet
i Vaksdal kyrkje

Kvar måndag
er kaffien klar
kl 12.00

Vel møtti

Vaksdal sokneråd



Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



Din lokale rørlegger i Vaksdal

95 97 17 00



eviny



DALETEC

Sæterdal Elektro

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



IdéHUS
BYGGER PÅ GODE IDEER

Alt innan tømrararbeid



Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no

**Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus**
[Sjå Idehus.no](http://SjåIdehus.no)

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR



HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Brannvarsling
- Teleinstallasjonar
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
 - Levering av mat
 - Minnesamvære
- Tlf. 93 213 213**

PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe boka her:

- # Petersens Handleri
- # Dale kyrke
- # Kyrkjekontoret
- # www.zeth.no

**LIVETS GANG****DØYPTE****Dale**

- | | |
|-------|-------------------------|
| 22.12 | Eliah Tyssen Johansen |
| 16.02 | Emilio Ulveseth Stamnes |

Vaksdal

- | | |
|-------|---------------------|
| 23.03 | Aksel Byrkje Hansen |
|-------|---------------------|

**VIGDE****Dale**

- | | |
|-------|--|
| 07.09 | Elisabeth Kristin Førde og Thor Alf Andersen
(i Bremanger kyrkje) |
| 01.02 | Bodil Tennebekk og Tommy Vik |

**DØDE**

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

- | | | |
|-------|-------------------------|-----------------------|
| 15.11 | Magne Solhaug | 1954 (Stamnes kyrkje) |
| 15.11 | Bernt A. Veka | 1930 |
| 04.12 | Astrid Marie Hopperstad | 1932 |
| 11.12 | Marit Hvidsten | 1936 |
| 29.12 | Marie Stolan Torgersen | 1944 |
| 25.01 | Liv Dysvik | 1937 |
| 16.02 | Svitlana Shevchenko | 1978 |
| 03.03 | Gerd Bruvik | 1930 |
| 13.03 | Leif Oddvard Øie | 1941 |

Nesheim

- | | | |
|-------|-----------|------|
| 14.03 | Anny Ekse | 1933 |
|-------|-----------|------|

Vaksdal

- | | | |
|-------|-----------------------|------|
| 20.11 | Bjarne Kydland | 1936 |
| 20.11 | Kåre Agnar Boge | 1935 |
| 28.11 | Anita Bjørkeli Svaler | 1973 |
| 29.11 | Nils A. Helle | 1928 |
| 18.01 | Herborg Thom | 1934 |

Vaksdal

BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ
- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70
WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO

AVD. VAKSDAL
ALLTID HER FOR deg

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO
Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam

NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ


Ditt lokale gravferdsbyrå

Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alvheim

**TRENGER DU NOKON
Å SNAKKE MED?**

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 • soschat.no

KIRKENS SOS



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 6. april - 4. søndag i fastetida

DALE KYRKJE kl. 16.00. Ung Messe. Konfirmantane, Hope, Normann og Kvamsøe.

Søndag 13. april - Palmesøndag

EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11.00. Borna sin påskefest!/Vegen-gudsteneste. Hope og Normann
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Borna sin påskefest!/Vegen-gudsteneste. Hope og Normann.

Torsdag 17. april - Skjærtorsdag

EIDSLAND KAPELL kl. 10.00: Frukost i kapellet v/soknerådet.
Kl. 11.00: Nattverds-gudsteneste. Hope.

Fredag 18. april - Langfredag

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.30: Orgelresitasjon ved Gjertsen
Kl. 11.00: Pasjons-gudsteneste ved Kvamsøe.
STAMNES KYRKJE kl. 17.30: Orgelresitasjon ved Gjertsen.
Kl. 18.00: Pasjons-gudsteneste ved Kvamsøe.

Søndag 20. april - Påskedag

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00, Felles høgtidsgudsteneste for Eksingedalen. Hope.
DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Dale, Stammes og Vaksdal. Kvamsøe.
BERGSDALEN KYRKJE kl. 18.00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.

Måndag 21. april - 2. Påskedag

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Søndag 27. april - 2. søndag i påsketida

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Torsdag 1. mai - Offentleg høgtidsdag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Song av Dale Mannskor.

Søndag 4. mai - 3. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Hope og Normann.

Søndag 11. mai - 4. søndag i påsketida

EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Hope.

Laurdag 17. mai - Grunnlovsdagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Festgudsteneste. Hope.
DALE KYRKJE kl. 10.30. Festgudsteneste. Kvamsøe.
STAMNES KYRKJE kl. 12.00. Festgudsteneste. Hope.
EIDSLAND KAPELL kl. 12.30. Festgudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 18. mai - 5. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Torsdag 29. mai - Helgetorsdag

SKIPSHELLEREN (Stamnes) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste/Vegen-gudsteneste. Hope og Normann.

Laurdag 31. mai - Søndag før pinse

EIDSLAND KAPELL kl. 12.00. Festgudsteneste - Eidland kapell 100 år!

Søndag 1. juni - Søndag før pinse

FITJAVATNET / NORDVIKSÆTER kl. 12.00. Fitjavastemna. Hope.

Søndag 8. juni - Pinsedag

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Dale, Stammes og Vaksdal. Kvamsøe.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 18.00. Høgtidsgudsteneste. Hope.

Søndag 9. juni - 2. pinsedag

Ingen gudsteneste i Vaksdal


Søndag 15. juni - Treeiningssøndag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.
FAGERTUN LEIRSTAD kl. 12.00: Familiegudsteneste. Hope m/fl.

Oppdaterte opplysninger om gudstenestene finn du her:

Annonsar i lokalavisa same veka, på plakatar, på kyrkja.no/vaksdal og på skjerikyrkja.no

Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.



Dáp

Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkommen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde,
og kunne sende innbyding til dåp.

No får me ikkje lenger den informasjonen,
og kan difor ikkje sende innbyding direkte.